



# Årsmelding Hafslø IL 2023



## Innhald

Sakliste til årsmøtet 2024 .....	3
Årsmelding frå styret i Hafslo IL .....	4
Årsmelding frå stadionstyret .....	11
Årsmelding hoppgruppa .....	12
Årsmelding alpint og friski .....	14
Årsmelding fotballgruppa .....	15
Årsmelding barneidrett .....	19
Årsmelding trimgruppa .....	20
Årsmelding handballgruppa .....	22



## Sakliste til årsmøtet 2024

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av sakliste
4. Val av møteleiar og skrivar
5. Val av to medlemar til å skriva under møteboka
6. Årsmelding frå styret
7. Årsmelding frå gruppene
8. Rekneskap
9. Fastsetjing av medlemskontingent
10. Budsjett
11. Innkomne saker
12. Val

Oppdatert sakliste med aktuelle saksdokument vert gjort tilgjengeleg på nettsida vår, [www.hafslo-il.no](http://www.hafslo-il.no), seinast torsdag 22. februar 2024.

**Vel møtt til årsmøte for Hafslo IL på Eikum Hotell torsdag 29. februar 2024 kl. 19!**



# Årsmelding frå styret i Hafslo IL

## Styret

Leiar: Ove Midtbø

Styremedlem/økonomikontakt: Birthe Johanne Fredheim Finstad

Styremedlem/medlemsansvarleg: Erna Hamrum

Styremedlem: Anne Perlaug Fossøy

Styremedlem: Sondre Henjum Bremer

Styremedlem: Styrk André Hofslundsengen

1.varamedlem: \*

2.varamedlem: Arthur Bremer Brynjulfsen

## Særgruppene

### Fotballgruppa

Karita Nes, leiar\*

Elin Anette Hillestad, Norill Terese Norheim, Jan Erik Røneid, Tormod Tysse Tuften, Ann Kristin Torgersen (miniputtansvarleg)

\* Leiar ikkje vald på årsmøtet 27.02.23, men vald av styret i fotballgruppa vår 2023.

### Trimgruppa

Terje Brunborg, leiar

Monica Heggestad, Kjell Arild Høyum, Roger Carlsen\*, Ragnhild Borge Olsen

\*Vald på årsmøtet 27.02.23, men trekte seg seinare.

### Hoppgruppa

Jon Ove Lomheim, leiar

Per Birger Lomheim, Ove Fredheim, Vegard Bondevik Lie\*, Ole Johnny Sie, Håvard Ese Eliassen

\* Vald på årsmøtet 27.02.23, men trekte seg seinare.

### Barneidrettsgruppa

Anne Øvretun Ølnes, leiar

Frida Josefine Malmrud, Ida Ur Haugen\*, Lene Madsen\*

\* Ikkje valde på årsmøtet 27.02.23, men kom inn i gruppa seinare

### Handballgruppa

Monika Reime, leiar

Anne Lene Sygna Halleråker

### Alpint- og friskigruppa

Lars Olav Halleråker, leiar

Nils Petter Solheim, Lars Håkon England

### Orienteringsnemnd

Ove Oklevik

### Langrennsnemnd

Per Fridolf Hillestad

### Stadionstyret

Tore Ørbeck, leiar

Bjarni H. Valsson, Jonas Midtbø, Birger Moene, Rolf Johan Stranden

### **Lerum cup-nemnd**

Ove Midtbø (representant frå hovudstyret), Karita Nes (representant frå fotballgruppa), Tore Ørbeck, Birger Moene

*Kiosknemnd:* Karita Nes, Erna Hamrum, Ann Kristin Torgersen, Ann Elisbeth Skjerven

### **Marknadsnemnd**

Ove Midtbø (frå hovudstyret), Erna Hamrum (frå hovudstyret), Ann Elisbeth Skjerven, Stine Solvi, Bjarne Venjum, Tonje Grønstad\*

\* Ikkje vald på årsmøtet 27.02.23, men vart med i nemnda haust 2023

### **Friidrettsutval**

Trimgruppa

### **Skøyteutval**

Terje Kalhagen, Per Ivar Lomheim

### **Ungdomskontaktar hovudstyret**

Peder Olai Hillestad

Anna Maria Bremer

### **Kontrollutval**

Gerd Westby, Hermann Odd Stein

### **Luster idrettsråd**

Ove Midtbø (leiar), Jon Ove Lomheim (styremedlem), Geir Arne Kvam (leiar kontrollutvalet), Erna Hamrum (valnemnd)

### **Nemnd for fleirbrukshall Hafslø**

Eirik Hoem

### **Nemnd for stolpejakt Luster kommune**

Terje Brunborg (representant for trimgruppa)

### **Hestesportnemnd Hafslø IL**

Svein Solheim, Harald Hess

### **Kajakknemnd Hafslø IL**

Hovudstyret inntil vidare

### **Valnemnd**

\*Hovudstyret og særgruppene har fungert som valnemnd i 2023.

### **Møte, tilstellingar og saker**

Det har vore halde seks styremøte der fem av desse har vore utvida styremøte med gruppeleiarane i 2023. Styret og hovudstyret har handsama 47 saker på ordinære styremøte i 2023. I tillegg har hovudstyret handsama to enkeltsaker via e-post-kommunikasjon, og hatt dialog per e-post og telefon ved behov. Hafslø IL har også avvikla eitt ekstraordinært årsmøte 03.01.2024, der det vart handsama og vedteke følgjande to saker:

1. Godkjenning av avtale mellom Hafslø IL og Sogn Skisenter om bygging og drift av hopp- og friskianlegg ved Sogn Skisenter.
2. Godkjenning innsending av spelemiddelsøknader for heilårs hoppbakkar K5, K10, K20 og friskianlegg ved Sogn Skisenter. Vedtaket inneber at Hafslø IL bidreg med 40 000 kr i eigenkapital til heilårs hoppbakke K5, og fullmakt til at Hafslø IL kan inngå låneavtale med Luster Sparebank om mellombels finansiering for å få realisert anlegga.

Godkjend protokoll frå ekstraordinært årsmøte 03.01.2024 er tilgjengeleg på heimesida.

Ove Midtbø representerte Hafslø IL på den ordinære generalforsamlinga til Sogn Skisenter 27. april 2023. I tillegg deltok Jon Ove Lomheim, Lars Olav Halleråker og Jorunn Hillestad Sekse som styremedlemer i Sogn Skisenter.

Ove Midtbø og Erna Hamrum representerte Hafslø IL på årsmøtet til Luster Idrettsråd 21. september 2023.

Åge Ruud deltok på vegner av fotballgruppa og representerte Hafslø IL på kretstinget for NFF Sogn og Fjordane 25.–26. november 2023.

Det har vore god kommunikasjon mellom hovudstyret og særgruppene om saker gjennom året, og vårt inntrykk er at særgruppene arbeider godt og sjølvstendig når det gjeld saker i sine grupper.

### **Medlemstal**

Medlemstalet var på 725 medlemer per 31.12.2023. Det er ein auke på 45 medlemer samanlikna med fjoråret. Av desse var 387 medlemer under 20 år, og 403 medlemer i familiemedlemsskap.

### **Særforbund**

Laget har vore medlem i følgjande særforbund under Norges Idrettsforbund i 2023:

- Norges Skiforbund
- Norges Fotballforbund
- Norges Friidrettsforbund
- Norges Trimforbund
- Norges Skiskyttarforbund
- Norges Orienteringsforbund
- Norges Handballforbund

### **Økonomisk resultat**

Endeleg årsrekneskap for 2023 syner eit overskot på 976 609 kr. Dette skuldast i hovudsak flotte inntekter i samband med Lerum Cup 2023, Haustmarknaden 2023 og at Luster Sparebank sponsa medlemsskap for born og unge i 2023. Overskotet skuldast også at vi har faste årlege inntekter gjennom gode og stabile sponsorar, treningsavgift og offentlege tilskot og støtteordningar frå Luster kommune, Norges Idrettsforbund og grasrotandel frå Norsk Tipping. Trass stort overskot, har vi også i år gjort ein del og naudsynte investeringar på anlegget i Moane og hatt stor aktivitet.

Drifta i idrettslaget er god og økonomisk forsvarleg og vi har avtale og tett dialog med Sogn Rekneskapskontor AS om føring av rekneskapen. Vi får tilsendt månadlege økonomirapportar frå rekneskapskontoret, som gjer at vi har god oversikt og kontroll til ei kvar tid.

Detaljar om rekneskapen for 2023 er i rekneskapsoversynet som vert lagt fram på årsmøtet.

## **Mottekne midlar**

Avtala med hovudsponsoren vår Luster Sparebank er svært viktig, og gir oss eit solid økonomisk grunnlag for å legge til rette for eit breitt og variert aktivitetstilbod for medlemene våre gjennom året.

Luster Sparebank støttar oss også på andre måtar gjennom året. Like før jul 2022 fekk vi og dei andre idrettslaga som Luster Sparebank er hovudsponsor for, ei flott gåve (for Hafslo IL sin del på 200 000 kr), som skulle gå til gratis medlemsavgift og andre aktivitetar for born og unge i alderen 0–18 år i 2023. Dette er ei gåve som har kome mange til gode og som vi set svært stor pris på. Gåva har truleg bidrege til rekruttering av mange born og unge til aktivitetane våre i 2023. Rekneskapen for 2023 syner at vi har eit restbeløp av denne gåva og gjer at vi kan tilby gratis medlemskap og i tillegg treningsavgift for born og unge også i 2024. Hafslo IL er taknemlege for å ha Luster Sparebank som hovudsponsor, og gler oss til vidare samarbeid også framover.

Sponsoravtala vi har med NTP Avery Dennison gir oss også ei viktig grunninntekt. I tillegg får vi god hjelp med bestilling og trykking av sponsormerke på klubbklede våre gjennom året. Vi takkar for godt samarbeid i 2023 og ser fram til vidare samarbeid.

Gjennom sponsoravtala vår med Intersport Sogndal, får idrettslaget gode tilbod på klubbklede, andre klede og utstyr. Intersport Sogndal sponsa også i år hovudpremien på 6000 kr på haustmarknaden. Sponsoravtala er viktig for idrettslaget og medlemene våre. Vi takkar for god service og godt samarbeid i 2023, og ser fram til vidare samarbeid med Intersport Sogndal framover.

I 2023 har vi også inngått ei samarbeidsavtale med NVRLND om sal av sokkar til inntekt for idrettslaget. Vi hadde ein kampanje kring påsketider, der vi fekk selt ein del sokkar. Dette er eit samarbeid vi ser fram til å utvikle og halde fram med i 2024.

I tillegg til støtta frå sponsorane våre, får vi viktige årlege økonomiske tilskot frå Luster kommune gjennom ordninga med tilskot til drift og kulturføremål. Vi får også gode økonomiske bidrag frå Norsk Tipping (grasrotandel), Norges Idrettsforbund (LAM-midlar og mva-refusjon). Også i år har vi fått støtte til delvis dekning av auka straumutgifter gjennom den statlege kompensasjonsordninga.

Hafslo IL har også mange bedrifter og andre støttespelarar i nærområdet som støttar oss på ulike måtar gjennom året, til dømes med flotte gevinstar til haustmarknaden, skiltreklame i Moane og i samband med ulike dugnader gjennom året.

Styret vil rette ein stor takk til alle sponsorar og samarbeidspartnarar, støttespelarar og alle andre som har vore med å støtte oss i 2023.

## **Anlegg**

Anlegga våre har generelt god kvalitet. Vedlikehald av anlegget i Moane og kunstgrasbana vert i hovudsak utført av stadionstyret med dugnadsinnsats frå gruppene og foreldre. I 2023 har vi også engasjert nokre ungdomar til å hjelpe oss med grasklypping m.m., og vil rette ein stor takk til Henrik Røneid og Daniel Eikefjord for jobben dei har gjort på anlegget i Moane sesongen 2023.

Det skjer framleis mykje når det gjeld etablering av nye anlegg i regi av Hafslo IL. På årsmøtet 27.02.2023 vart det vedteke ny anleggsplan for Hafslo IL for 2023–2027. Anlegga er spelt inn til ny kommunal handlingsplan for 2024–2027.

Prosesen med å få på plass lysanlegg på Hafslo stadion i Moane har gått framover i 2023. Det er inngått avtalar med leverandør og entreprenør, og anlegget er bestilt og levert. Målet er å starte grunnarbeidet så snart snøen er borte og tilhøva gjer det mogleg våren 2024.

Ved Sogn Skisenter er det snart ferdigstilt to rekrutteringshoppbakkar K10 og K19 etter ein langvarig prosess. I den nye anleggsplanen som vart vedteken på førre årsmøte, er det ønskje om å få gjort rekrutteringsbakkane om til heilårsanlegg. Etter dialog med Luster kommune, Vestland fylkeskommune og Sogn Skisenter i løpet av 2023, er det i januar 2024 sendt inn spelemiddelsøknader for heilårs hoppbakkar K5, K10 og K20 ved Sogn Skisenter.

Tidlegare er det sendt inn spelemiddelsøknad for langrennsanlegg (rulleskiløype + snøproduksjonsanlegg) og lysanlegg ved Sogn Skisenter. Skisenteret står som søkjar av anlegget, med økonomisk støtte frå Hafslo IL og IL Bjørn. Skisenteret og idrettslaga har dialog og samarbeid om realisering av dette anlegget. Hafslo IL samarbeider også med Sogn Skisenter om å få etablert friskianlegg i banktrekket ved skisenteret.

Det er også andre spanande anleggsprosjekt på gang som Hafslo IL er engasjert i. Luster kommune har mellom anna starta arbeidet med ny fleirbrukshall på Hafslo i samband med bygging av ny barnehage på skuleområdet i Hafslo sentrum. Det er sett av midlar til dette i økonomiplanen, og det er politisk vilje til å få hallen realisert. Luster kommune er også med i Vestland fylkeskommune sitt prosjekt «Nyskapande aktivitetsanlegg» om fleirbrukshall på Hafslo. Vi har oppretta ei eiga nemnd for fleirbrukshall i Hafslo IL som er involvert i prosjektet, og dette vert ei viktig sak for Hafslo IL framover.

Hafslo IL har også vore involvert i fleire anlegg som er etablerte dei siste åra. Vi har mellom anna hatt eit godt samarbeid med skulen, Luster kommune og andre lag og organisasjonar om utvikling av det flotte uteområdet ved Hafslo barne- og ungdomsskule. Her kan vi mellom anna nemne grillhytta og kajakkaustet. Vi har også samarbeidd med Hafslo sogelag om å få etablert anlegg for hestesportaktivitet på Fluga. For alle desse anlegga ser vi fram til vidare samarbeid med skulen, kommunen og andre lag og organisasjonar om aktivitetar framover.

Trimgruppa si tilrettelegging av trimpostar og samarbeidet med Hafslo bygdelag og Hafslo sogelag om «stifadderprosjektet», bidreg til flotte turmoglegheiter for medlemene våre. Vi har også flotte oppdaterte orienteringskart/løyper som er tilgjengelege for bruk til aktivitetar i regi av gruppene våre gjennom året.

Hafslo IL har elles eit godt samarbeid med Sogn Skisenter, Luster kommune og Hafslo barne- og ungdomsskule om å legge til rette for aktivitetar i idrettslaget. Vi har gode treningsforhold for alpint, friski, langrenn og hopp ved Sogn Skisenter og i gymsalen i samfunnsbygget gjennom vinteren.

Hafslo IL vil takke alle som nyttar anlegga våre, og alle som bidreg med dugnad til drift og vedlikehald av desse. Det er også veldig kjekt å sjå at nye anlegg blir realiserte, og vi rettar ein stor takk for dei som legg ned ein stor innsats for å gjere dette mogleg.

### **Avgidde tillitsvalde**

#### **Styret i Sogn Skisenter AS**

Jon Ove Lomheim – nestleiar, Lars Olav Halleråker – styremedlem

### **Skikrinsen**

Jon Ove Lomheim , skikrinsen, hopp og kombinertkomiteen, leiar

Jon Ove Lomheim , krinsdommar skikrins

Per Birger Lomheim , krinsdommar og forbundsdommar NSF



## **NFF Sogn og Fjordane**

Geir Arne Kvam, dommarkomiteen og krinsansvarleg instruktør

Norill Terese Norheim, dommaransvarleg jenter

### **Aktivitet**

Hafslo IL har hatt stor og god aktivitet i regi av dei ulike særgruppene i 2023. Vi har aktive medlemmer i alle aldrar og funksjonsnivå, mosjonistar, støtteapparat og administrasjon. I tillegg har mange personar vore involverte på vegner av idrettslaget i nemnder og grupper med ulike funksjonar. Meir detaljar om aktivitetane i 2023 går fram av årsmeldingane frå særgruppene våre.

Orientering har ikkje vore eiga særgruppe i 2023. Men det vart arrangert orienteringsløp i Moane hausten 2023 i samarbeid med Sogndal IL, der løyper vart gjenbrakte av barneidretten og skulen etterpå. Dessutan har kontaktperson for orienteringsnemnda, Ove Oklevik, vore teknisk delegert på to kretsmeisterskap i Sogn og Fjordane orienteringskrins hausten 2023.

Aktiviteten i Hafslo IL byggjer på frivillig innsats og vert gjennomført på ein best mogleg måte innanfor dei rammene vi har. Det er mange som gjer ein stor innsats gjennom året, og foreldreinvolvering er ein viktig faktor for at born og unge skal ha eit godt og variert aktivitetstilbod gjennom året. Vi vil også særskilt nemne alle dei flotte ungdomane som bidreg som instruktørar, hjelpearar og utøvarar i aktivitetstilbodet Idrett for Alle. Dette er eit utruleg flott aktivitetstilbod som vert lagt merke til av mange utanfor Hafslo IL og som vi er utruleg stolte av. Katrin Læg Reid Nes som starta tilbodet, har sørga for både vekst og økonomisk støtte frå ulike tilskotsordningar for aktivitetstilbodet. Katrin er framleis sentral i gruppa, sjølv om ho har delegert mykje til dei yngre instruktørane i 2023. Vi vil takke Katrin og dei andre i gruppa for innsatsen i 2023, og for å ha lagt grunnlaget for vidare aktivitet i 2024.

Særgruppene våre gjer ein flott innsats gjennom året med å legge til rette for variert, god og meningsfylt aktivitet for mange. Vi vil rette ein særskilt takk til alle tillitsvalde i særgruppene, og til alle andre som tek på seg ansvar som trenarar, lagleiarar og andre støttefunksjonar i dei ulike gruppene gjennom året. At nokon tek på seg ulike tillitsverv i idrettslaget, er heilt avgjerande for at idrettslaget kan tilby eit variert og godt aktivitetstilbod. Vi veit det er mange «nøkkelpersonar» som legg ned ein enorm frivillig innsats gjennom året med organisering og gjennomføring av aktivitetar i dei ulike gruppene, og idrettslaget vil rette ein særskilt stor takk til dei dette gjeld.

Aktivitetstilboda våre legg til rette for viktige sosiale møteplassar for mange, særskilt for born og unge, men også for andre. Hafslo IL har eit godt samarbeid med andre lag og organisasjonar om aktivitetar og møteplassar både i bygda og i Luster kommune, og dette er noko vi vil ha fokus på også framover.

Samarbeid om aktivitet med andre organisasjonar og idrettslag er viktig. I 2023 har vi hatt samarbeid med IL Bjørn, Fanaråk IL og Kaupanger IL om samarbeidslag på senior- og aldersbestemt nivå i fotballsamanheng. Dette har fungert svært godt. Vi har også samarbeidd med dei andre idrettslaga i kommunen om andre aktivitetar, til dømes skiaktivitet, handball og Stolpejakta i Luster kommune. Vi ser fram til vidare samarbeid i åra som kjem.

Vi samarbeider også godt med andre lag- og organisasjonar på Hafslo, og i 2023 vil vi særskilt takke Hafslo bygdela for initiativet til Vinterdagen Hafslo 11. mars 2023, der både Hafslo IL og andre lag- og organisasjonar samarbeidde om arrangementet. Dette vart eit flott arrangement og vi ser fram til vidare samarbeid om Vinterdagen på Hafslo i åra som kjem.

Hafslo IL må også takke Sogn Skisenter som sørger for at vi kan gjennomføre skiaktivitetar i form av alpint, friski, hopp og langrenn på Heggmyrane i vintersesongen. Vi har eit veldig godt samarbeid med skisenteret, og er veldig taknemlege for at det vert lagt til rette for gode treningsforhold gjennom vintersesongen.

Lerum Cup 2023 vart eit svært vellukka arrangement. Vêrgudane spelte på lag, og god planlegging, organisering, samarbeid med Sogndal Fotball og enorm dugnadsinnsats frå mange, sørger for eit svært stort økonomisk overskot for Hafslo IL i 2023. Dette arrangementet er ei svært viktig inntektskjelde for idrettslaget vårt og gjer at vi kan ha ei låg medlemskaps- og treningsavgift. Vi vil særskilt takke alle dugnadsfolka som bidrog i 2023, og håpar alle dugnadsheltane stiller opp også i juni 2024. Hafslo IL er heilt avhengige av at alle fotballforeldre, skigruppene og andre grupper og nøkkelpersonar stiller opp og bidreg med dugnad i samband med arrangementet!

Årets haustmarknad vart også ein stor suksess og sørger for eit flott økonomisk overskot. Takk til alle som bidrog med organisering, loddsal og anna dugnad før, under og etter marknaden. Ikkje minst stor takk til alle bedriftene som sponsa oss med premiar og alle dykk som kjøpte lodd, møtte opp på standane våre og på sjølvne marknadssøndagen 5. november 2023.

### **Avslutning**

Det er mange som stiller opp og bidreg for Hafslo IL gjennom året, og dette set vi enormt stor pris på. Vi ser likevel at det framleis er krevjande å få folk til å ta på seg verv som tillitsvalde, trenarar, lagleiarar og andre viktige funksjonar. Dette er noko vi er heilt avhengige av for å kunne oppretthalde eit breitt og variert aktivitetstilbod framover.

Styret i Hafslo IL håpar at eit positivt år for idrettslaget i 2023 bidreg til at mange også ønskjer å engasjere seg i åra som kjem. Vi vil avslutningsvis nok ein gong rette ein stor takk til alle som på ulike måtar har vore med og halde aktivitetane i gong i idrettslaget vårt i 2023. Tusen takk alle saman!

Styret i Hafslo Idrettslag  
21.01.2024

# Årsmelding frå stadionstyret

## Styret

Tore Ørbeck (leiar), Birger Moene, Bjarni H. Valsson, Jonas Midtbø, Rolf-Johan Stranden



## Anlegget i Moane

I løpet av april vart det strødd mold for å framskande snøsmeltinga på Hafslo stadion. Dette hadde god effekt, og førte til at grasbana var fri for snø i byrjinga av mai. Bana vart gjødsla og klargjort til treningar og kampar på vanleg måte. Første seriekamp vart gjennomført på Hafslo stadion 26. mai 2023. Helga før hadde vi leigd ut Hafslo stadion til Luster Hundeklubb for hundestemne, som vart ein suksess. Det er allereie avtalt ny utleige for hundestemne i mai 2024.

Dei siste åra har fotballgruppa hatt ei avtale med Sogndal Fotball om ansvar for drift og vedlikehald av deler av treningsfeltet etter Lerum Cup, mot at Hafslo IL kan få nytte feltet til treningar og kampar ved behov. Vi har hatt eit godt samarbeid og dialog med Sogndal Fotball om dette. Etter Lerum Cup 2023 har Hafslo IL med hjelp frå Sogndal Fotball vedlikehalde delar av treningsfeltet, mot at vi har fått nytta feltet til treningar, kampar og miniputt-turnering. Resultatet er at det stort sett har vore flotte speleforhold i Moane, både på Hafslo stadion og treningsfeltet gjennom årets sesong.

Etter at anlegget vart fri for snø vart det utført mykje dugnad på anlegget i Moane. Det vart rydda ein del skog, i tillegg til at vi fekk ordna ein del treverk m.m. Når tørken slo inn i juni og vatningsanlegget kollapsa pga. for lite grunnvatn, sørga vi for å få lagt ut slange frå pumpehuset til Hafslovatnet slik at vatningsanlegget kunne gå døgnet rundt. Men det er framleis mykje å ta tak i også i 2024, og håpar det vert sett av ein del midlar i budsjettet for neste år til oppgradering av anlegget i Moane. Ny og større grasklyppar, robotklyppar, vatningsvogn mm. står på ønskelista over utstyr.

Stadionstyret vil rette ein stor takk til alle som har bidrege til å halde anlegget i Moane klart for aktivitet i 2023!

## Kunstgrasbana

Etter påske var det framleis mykje snø på kunstgrasbana. Tormod Tufte Tyssen fekk låne snøfresar med belte og brøyta bana 15. april 2023. Etter dette vart det strødd gummigranulat, og det skjedde mykje smelting dei neste dagane. 18. april var snøen borte, og det var full fotballaktivitet på kunstgrasbana.

Det har vore stor aktivitet på kunstgrasbana gjennom året, både til treningar og aldersbestemte kampar. Men bana vert også mykje brukt i skuletida og til uorganisert aktivitet elles. Siste treningane på kunstgrasbana vart gjennomførte i november. Stadionstyret har utført vedlikehald med jamne mellomrom gjennom sesongen.

Det er kjøpt inn metallrister og kostar for tiltak i tråd med ny forskrift som mellom anna skal hindre spreining av gummigranulat frå kunstgrasbaner. Desse tiltaka vart ikkje prioriterte i 2023 og må planleggjast og prioriterast når bana er fri for snø og vert teken i bruk våren 2024. Det må setjast av midlar til desse tiltaka i budsjettet for 2024.

### **Oppsummering**

Anlegget i Moane og kunstgrasbana krev mykje og regelmessig vedlikehald. Stadionstyret vil takke alle som har bidrege med dugnad og arbeid på anlegga våre i løpet av sesongen 2023.

Stadionstyret  
Hafslo 25. januar 2024

## **Årsmelding hoppgruppa**

### **Styret**

Jon Ove Lomheim (leiar), Per Birger Lomheim, Ove Fredheim, Ole Johnny Sie, Håvard Ese Eliassen, Vegar Bondevik Lie (vald, men trekte seg etter årsmøtet)



### **Representasjon**

Jon Ove Lomheim: skikrinstinget (årsmøte og komitemøte hopp, skikrinsen)

Jon Ove Lomheim og Per Birger Lomheim: haustmøte hopp, skikrinsen

## Trening og aktivitet

Det er ingen felles treningstilbod for dei aktive hopparane i idrettslaget. Erlend Sie var i militæret og deltok ikkje sist vintersesong. Dei andre reiser individuelt for hopping, litt på Voss, men mest til Austlandet. Jens Engesæter Eliassen og Jon Ove Lomheim deltok på skiforbundet si «storsamling» i Vikersund 22.–26.juni (med trenarar og hopparar frå hopplandslaget). Hoppgruppa hadde tilrettelegging av hoppleik på onsdagscupen dei gongene det vart gjennomført. Frå andre halvdel av januar var det nok snø i nye småbakkane K5, K10 og K19 for hoppleik (trening) torsdag og laurdag. Det vart gjennomført tre hoppleik-konkurransar i hoppanlegget (det eine som del av Bygdalaget sitt arrangement Vinterdagen Hafslø 11.mars 2023).

I mangel av kapasitet av frivillige instruktørar, vart det ingen basistrening innandørs hausten 2023 slik skigruppene har hatt tidlegare. Etter fleire år som heiltidstilsett trenar for Lillehammerhopp, er Stig Morten Fredheim no hopptrenar for kombinertlandslaget. Dette er stort for hoppgruppa, idrettslaget og bygda, då han starta hoppkarriera i Kvamsbakken. Det blir spanande å følgje Stig Morten si trenarkarriere framover.

## Resultat året 2023

Ove Fredheim

- VM for veteran i Zakopane K70: nr. 2 i klasse 55–59 år
- VM for veteran i Zakopane K105: nr. 2 i klasse 55 – 59 år
- VM for veteran i Zakopane Laghopp 1. lag: Norge nr. 2

Jon Ove Lomheim

- KM i Framnesbakken K55, Voss: krinsmeister seniorklassen
- VM for veteran i Zakopane K40: nr. 5 i klasse 65–69 år
- VM for veteran i Zakopane kombinert: nr. 2 i klasse 65–69 år
- VM-sommar i Oslo K40: nr. 2 i klasse 65–69 år

## Anlegg og dugnad

Nytt hoppanlegg ved Sogn skisenter er eit stort dugnadsprosjekt for ei lita gruppe i laget. I 2023 gjorde entreprenør E. R. Melheim ferdig grovplanering av vinterbakken K10-K19, og skisenteret fullførte lysanlegg, mindre del av snøproduksjonsanlegg og diverse anna. Sogndal vidaregåande skule har bygd lagerbu (3 m x 5 m) og transportert til hoppanlegget av E. R. Melheim. Den største dugnadsjobben i anlegget vart utført i 2023 av hoppgruppa med mange medhjelparar. Per desember 2023 er det registrert 605,5 timar. I tillegg kjem prosjektleiar sin dugnad med planarbeid, prosjektadministrasjon, søknader m.m. Hoppgruppa deltok med dugnadsressursar i Lerum cup i juni, noko som er vesentleg inntekt for dekning av gruppa sine utgifter.

## Oppsummering

Det ligg mykje arbeid for hoppgruppa for realisering av nytt hoppanlegg ved Sogn skisenter. Dette er ikkje mogeleg utan støtte i idrettslaget, skisenteret, skikrins, kommune, bank med fleire som så langt har vore positive og såleis held oppe motivasjon for hoppgruppa til å realisera hoppanlegg på skisenteret. Det er gledeleg å kunne vera i gang i småbakkane med ny rekruttering til hoppporten, men rekruttering til nytt hoppmiljø i kommunen er ikkje realitet før heilårsanlegg og rekrutteringsbakken K45 er bygt.

Til slutt vil hoppgruppa takka Sogn skisenter, drift for samarbeid med både drift i vintersesongen og anleggsarbeid sommarstid med bygging av nytt hoppanlegg.

Jon Ove Lomheim

Hafslø, 10. januar 2024



# Årsmelding alpint og friski

## Styret

Det er framleis litt for mykje skjeggvekst i styret, så vi ynskjer å kjønnskvote. Styret har som førre sesong bestått av Nils Petter Solheim, Lars Håkon England og Lars Olav Halleråker. Heile styret bidreg både i forkant av og på treningane. Vi hadde i fjor leiar, administrativ sjef og IKT-ansvarleg, men ynskjer å utvide med utviklingsminister og sosialsjef.



## Treningar

Treningane sesongen 22/23 heldt fram å utvikle seg og hadde på det meste over 100 deltakarar. Trenarapparatet har blitt større, og vi er mange som dreg lasset saman. Nytt av året er at treningane også består av tilbod for 1. og 2. klasse.

## Aktivitet og arrangement

Aktiviteten er variert og leikprega, der utøvarane tek med seg leikenheita frå fritida inn i treningane. Fleire av utøvarane har vore med på dei uformelle arrangementa i skisenteret, der det heile vart avslutta med eit klubbmeisterskap gjennomført som lag, med ulike aldrar på same lag. Målet var at dei eldste skulle ta ansvar for dei yngste, medan dei yngste skulle bli motiverte og lære av dei eldre.

Nytt av året er at vi har gjennomført ein nybyrjardag for både ny- og gammalbyrjarar, der vi opna heisen og stilte trenarar til disposisjon for dei som vil starte heilt frå botn anten det gjeld å stå nedover, eller å ta heisen.

## Dugnad

Dugnadsdeltaking er som vanleg utfordrande. Når det er sagt, har vi mange aktive føresette som deltek på alt frå treningar til vakt på Lerum cup, polstring og ulike oppdrag frå Sogn skisenter. Det er nokre gjengangarar som bidreg det lille ekstra, men alt i alt har vi ein fin gjeng med oss på laget.

## Økonomi

Vi har utgifter i form av faste avgifter til Sogn og Fjordane skikrins og leige av Sogn skisenter. Inntekt har vi gjennom dugnad og medlemsavgift.

## Utvikling og målsetjing

Treningane er framleis noko utradisjonelle og har tydeleg fokus på breddeaktivitet gjennom variert lågterskel skikjøring. Målsetjinga er å gje alle som er med god nok skibakgrunn til at dei vel å

drive med denne aktiviteten resten av livet. For å nå dette målet, håpar vi at det å halde aktiviteten variert og dagsaktuell er tilstrekkeleg. Vi ynskjer å utvikle tilbodet både gjennom å knyte til oss fleire trenarar, og skulere trenarane vi har, slik at dei blir tryggare i rolla rundt aktiviteten. Vi ynskjer og å knytte til oss stabile vaksne som er med å ivaretar sosialisering og tryggleik under aktiviteten.

### **Vegen vidare**

Det vi driv med er ein viktig arena for å skape miljø på tvers av lag og grender i og utanfor kommunen. Så langt har vi som vi veit om hatt med oss utøvarar frå Hafslo, Solvorn, Indre Hafslo, Gaupne, Jostedalen, Skjolden, Fortun og Sogndal. På grunn av dette jobbar vi med nokre inkluderande og motiverande tiltak i form av ulike produkt med ein liten skilogo til alle utøvarar på skitreningar på Hafslo. Det ynskjer vi å gjere for å inkludere og skape engasjement, og difor er det produkt som dei ikkje skal betale for.

Dessverre har vi nok hatt underrapportering av medlemmer i 22/23-sesongen. Det er noko vi tek omsyn til og har ein betre prosess på i pågåande sesong. Og vi kan stolt fortelje at vi på det meste har vore nesten 140 på trening i år. Det gjer oss til den suverent største alpine skiklubben i Noreg på 2000-talet i høve folketal!

### **Framleis takk til**

Alle utøvarane som blir betre og betre på ski. Foreldre som er der på øktene og bidreg med det meste. Styret i Hafslo IL som held eit grep om økonomien slik at vi kan drive med det vi kan. Sogn skisenter som legg til rette for aktiviteten. Luster sparebank som bidreg med støtte. Og ikkje minst trenarar og styret i alpint- og friskigruppa. Om vi har gløymd nokon ber vi om orsak.

Vi er svært nøgde!

Helsing

Lars Olav Halleråker, på vegner av Hafslo alpint og friski

## **Årsmelding fotballgruppa**

### **Styret**

Karita Nes (leiar), Norill Terese Norheim (nestleiar og dommaransvarleg), Elin Anette Hillestad (FairPlay-ansvarleg), Ann Kristin Torgersen (miniputtansvarleg), Åge Ruud (materialforvaltar), Tormod Tufte Tyssen (styremedlem), Jan-Erik Røneid (styremedlem)



Styret har hatt 5 møte og handsama 28 saker i løpet av året. Me har også hatt samarbeidsmøte med IL Bjørn og Kaupanger IL for å få på plass samarbeidslag. I november deltok Åge Ruud på Miljøhelga til Sogn og Fjordane fotballkrets. Her var det leiarmøte og dommarsamling.

### **Seniorfotball**

Hafslo IL har hatt eit samarbeidslag med IL Bjørn og Fanaråk IL på seniornivå i 5., 6. og 7. divisjon for herrar denne sesongen (Hafslo/Bjørn/Fanaråk 1, 2 og 3).

Trenarar frå Hafslo IL: Jone Fylling, Joar Duesund og Johan Salveson

Lagleiar frå Hafslo IL: Ove Midtbø

Samarbeidslaga på seniornivå har hatt ein flott sesong der 5.divisjonslaget vart nr. 2 i serien og spelte play off om opprykk til 4. divisjon. Dessverre vart Vik IL for sterke over to kampar i kampen om opprykk.

6. divisjonslaget vart nr. 2 i serien og også 7. divisjonslaget har spelt fleire gode kampar.

Samarbeidet på seniornivå har fungert svært godt, og alle involverte har fått mykje speletid. Det er også fleire gutespelarar som har fått prøvd seg både i 5., 6. og 7. divisjon. Samarbeidet på seniornivå held fram i 2024, og alle laga er klare for ein ny sesong.

### **Aldersfastlagd fotball (10–17 år)**

Hafslo har hatt åtte lag i aldersfastlagd fotball denne sesongen.

#### **Jente 10 år**

Trenarar: Silje Kauppi Rørvik og Kjell Arild Høyum

Lagleiar: Ann Kristin Torgersen

#### **Gutar 10 år**

Trenarar: Anja Renate Buskaker og Richard Nes

Lagleiar: Anne Lene Sygna Halleråker

#### **Gutar 11 år**

Trenar: Styrk Hofslundsengen

Lagleiar: Tonje Torgersen

#### **Gutar 12–13 år**

Trenar: Tommy Stein

Lagleiar: Robin Frichsen

#### **Jenter 13 – samarbeidslag med IL Bjørn**

Trenar: Ailen Ekrene

Lagleiar: Marte Meland og Janniche Skaar

#### **Gutar 13–14**

Trenarar: Kurt Heggstad, Gøran Sjølie Af Geijerstam og Kai Inge Cirotzki

Lagleiar: Anne Therese Moen

#### **Jenter 15–17 år – samarbeidslag med IL Bjørn og Kaupanger IL**

Trenarar: Bernt Aleksander Elle (IL Bjørn), Eirin Haukøy (KIL) og Åse Neraas (KIL).

Lagleiar: Margrete Sjøhoel (HIL).

## **Miniputt (6–9 år)**

Miniputtansvarleg: Ann Kristin Torgersen

Det er om lag 80 ungar i alderen 6 til 9 år som har delteke på treningar og turneringar for miniputtar gjennom sesongen 2023. Det vart arrangert turnering i Lærdal, Øvre Årdal, Hafslo og Kaupanger. Hafslo IL var i pulje med Lærdal, Jotun, Kaupanger, Årdalstangen og Aurland. Hafslo har hatt mellom 12 og 14 lag på dei ulike turneringane denne sesongen.

Gutar 9 år og jenter 9 år deltok også på frivillig seriespel gjennom sesongen.

Det var miniputtturnering på Hafslo 6. september, med 71 påmelde lag og 340 spelarar. Tema for turneringa var trafikktryggleik. Det var ein flott og solrik dag med god aktivitet og mange flinke frivillige.

## **Miniputtлага**

### **Gutar 6 år**

Trenar: Linda Tveit Beheim

Lagleiar: Stine Solvi

### **Jenter 6 år**

Trenar: Svanaug Dvergedal Torgersen

Lagleiar: Frida Josefine Malmrud

### **Gutar 7 år**

Trenar: Marius Drægne

Lagleiar: Helen Wangsvik

### **Jenter 7 år**

Trenar: Bente Helene Skildheim Nes

Lagleiar: Signe Rauboti

### **Gutar 8 år**

Trenar: Hans Martin Bjørkevoll

Lagleiar: Sandra Nesse Sørhoel

### **Jenter 8 år**

Trenarar: Janne Grønbech og Jan Inge Engebø

Lagleiar: Olav Einan

### **Gutar 9 år**

Trenar: Marius Sviggum

Lagleiar: Hanne Loen Stranden

### **Jenter 9 år**

Trenar: Silje Christine Indrebø Nygård

Lagleiar: Hanne Loen Stranden

## **Sone/kretslag**

Hafslo IL har hatt fleire spelarar med på sone- og kretslag denne sesongen.

**Synnøve Rønneid** har vore med på kretslaget til J15.

**Anna Grindhaug** deltok på landslagssamling for J18 i Portugal, der ho spelte to landskampar for Noreg! Ho har også bidrege til Hafslø IL sin første proffkontrakt. Ho spelar i dag på Sogndal FK damer og vart årets spelar og årets toppscorar! Hafslø IL gratulerer Anna som er eit stor førebilete for fotballen i Sogn og jentene spesielt!

**Levian Ullebø Fritzon** er på sonelag for G12.

**Mathias Johnsen Af Geijerstam** og **Julian Heggstad** har vore med på sonelagsaktivitet for G13.

**Mathias Johnsen Af Geijerstam** var tatt ut på kretsaget til kull 2010.

### **Laurdagstrening**

Laurdagstreningane har også vore arrangert i sesongen 2023 for born og unge frå ni år og oppover. Det er eit tilbod for dei som ønskjer ekstra trening, der ein bevisst legg lista litt høgare når det gjeld innsats og haldningar. Det har vore 10–15 deltakarar på dei øktene som har vore gjennomført denne sesongen. Kurt Heggstad har hatt hovudansvar for treningane.

### **Lerum Cup 2023**

Det vart arrangert Lerum Cup i Moane 22.–25.juni. Det var mange frivillige i sving denne helga, og me takkar alle for ein enorm innsats. Spesielt stor takk til dei som deltek med dugnad og som ikkje har aktive born med i fotballen, men svært takksam for alle dugnadstimar de bidreg med! Mykje god aktivitet, og Hafslø deltok med tre lag på turneringa. Tidenes sal i kiosken i 2023!

### **Dommarar**

Hafslø IL har hatt fem dommarar i kretsregi denne sesongen: Norill Terese Norheim, Vegard Lie, Anna Maria Bremer, Thor W. Fredheim og Oda Bjelde. Anna Maria og Thor er rekrutteringsdommarar. Geir Arne Kvam er dommarrettleiar i kretsen. Me har hatt mange dommarar i klubben i år, og desse har fått oppfølging av dommaransvarleg og Geir Arne Kvam. Fotballgruppa set ein enormt stor pris på hjelpa frå Geir Arne i utviklinga av dommarane me har i klubben. Også i år stilte Hafslø IL med dommarar til Lerum cup.

### **Oppsummering**

Det er god aktivitet i fotballen på Hafslø. Me takkar foreldre, trenarar og andre ressurspersonar som bidreg til at vi får det til ; me er heilt avhengige av dykk for å ha det tilbodet me har.

Me fekk arrangere Lerum Cup i år også, med god aktivitet i Moane gjennom helga. Det er mange flotte born og unge i idrettslaget som kosar seg med fotballaktivitet gjennom ein fotballsosong. Ein ekstra stor takk til alle dugnadsfolka som gjorde årets Lerum cup til tidenes cup og rekordomsetning! Me vil oppmode folk om å bli med i fotballstyret, det krevst fleire folk for å kunne få optimal organisering av ei så stor gruppe, ta kontakt!

Hafslø idrettslag vil til slutt takke Elin Anette Hillestad for den store innsatsen ho har gjort i fotballgruppa gjennom mange år.



# Årsmelding barneidrett

## Styret

Anne Øvretun Ølnes (leiar), Frida Josefine Malmrud (nestleiar), Ida Ur Haugen, Lene Madsen



All idrett er organisert av HIL og er for barn opp til 12 år. Barneidretten ynskjer å ha fokus på at idrettsaktivitetane skal vere for alle, og at det skal vere kjekt. Me legg opp til eit variert tilbod, slik at ungane skal få prøve seg i forskjellige aktivitetar.

2023 starta med «skicup» på Heggmyrane kvar onsdag frå 4. januar og fram til påske. Det var digital påmelding, og 76 barn var påmelde i 2023. Etter pandemien har det ikkje vore manuell oppmøtereistrering eller krav om å vere med visst mange gonger for å få premie. Omlag 20 barn møtte kvar gong, det var god stemning og skiglede. Det låge talet har truleg samanheng med at aktiviteten krasja med anna aktivitetstilbud på Heggmyrane for 1. klasse og oppover. Me har difor valt å flytte aktiviteten til anna dag neste sesong.

Me har hatt godt samarbeid med hoppgruppa ved Jon Ove under skicupen. Barna har fått tilpassa skihopp, som har resultert i myke hoppleik for dei barna som ville det. Me hadde utdeling av varm saft til alle som ville ha. Blinkane til å kaste ball eller ertepose på var ein populær aktivitet langs skiløypa. Skisesongen vart avslutta 29. mars ved grillhytta. Barna fekk kvar sin vest med startnummer, og gjekk i mål for å ta i mot medaljen sin. Det var også utdeling av ulike Telenor-premiar. Dei som ville, kunne bli teke bilde av på seierspallen. Både barn og vaksne fekk servert grilla pølser med brød/lomper, juice, varm saft og kaffe. Det var strålende vêr og godt oppmøte med over 80 påmelde barn.

Småbarnstrimmen har gått som vanleg i gymsalen kvar tysdag (følgjer skuleåret) for barn i alderen 0–5 år. Her har det vore godt oppmøte, og fokuset har vore kjekk uorganisert leik. Me har forsøkt å ha fire frivillige kvart halvår som deler på opplåsing. Liste og organisering har blitt gjort av barneidrettsgruppa. I oktober arrangerte me noko nytt, Halloweentrim for barn opp til og med 1. klasse. Nærare 70 barn deltok på dans og leik i flotte kostyme. Det vart også servert pølser i brød og muffins. På slutten fekk barna lov å banke på ulike dører i gymsalen, der det gøymde seg ein person som delte ut godteri. Glade og fornøyde barn reiste heim med noko godt i bøtta si.

I vår- og haustsesongen har me arrangert kanonball i gymsalen og friidrett og sykkelløype på raudebana. Me har også hatt ei flott sommaravslutning med aktivitetsstasjonar på raudebana. Barna fekk utdelt kvar sitt ark og dei fekk ulike stempel frå kvar aktivitet. Dei som ville fekk ansiktsmaling, noko som var veldig populært. 77 barn deltok, og det var premieutdeling etter at

stempelarket var fullt. Til slutt var det grilling i grillhytta ved skulen. Me var også med på orientering i regi av Sogndal Idrettslag ved Karin Street, og Lars Olav Halleråker stilte opp på nytt med ein skateboardaktivitet i gymsalen. Størst oppmøte i dei ulike aktivitetane har me hatt i aldersgruppa 6–9 år.

For første gong har det blitt arrangert «Løp for meg, Hafslo» til inntekt for Barnekreftforeningen. Nærare 100 deltakarar i alle aldrar fullførte løyper på 400 meter, 1 km eller 3 km. Me fekk inn over 20 000 kr til Barnekreftforeningen. Kjempeflott innsats av alle, både deltakarar og heilagjeng. Deltakarane fekk sjølvstilt velfortjent medalje og diplom. Her var det også tilbod om ansiktsmaling til dei som ville, og 7. klasse bidrog med kiosksal.

Takk for eit godt år!

Anne Øvretun Ølnes, på vegner av barneidrettsgruppa.

## Årsmelding trimgruppa

### Styret

Terje Brunborg (leiar), Monica Heggstad, Kjell Arild Høyum, Ragnhild Borge Olsen



Styret har hatt to styremøte dette året.

### Aktivitetar i 2023

#### Volleyball

Det har vore tilbod om volleyballtrim for damer gjennom heile året. Variabelt oppmøte på våren og godt oppmøte på hausten. Det har vore ca 15 ulike personar innom. Gruppa har ei aldersspreiing frå 20 til 67 år. Frå 2024 gjeld også tilbodet for menn.

### **Idrett for alle**

Grappa hadde i år sju utøvarar, to hovudinstruktørar, og ni medhjelparar. Det vart gjennomført treningar annankvar torsdag i periodane januar til påske og haustferie til jul. Treningane er leikprega der ein førebur deltakarane på øvingar til blant anna Løveleikane og Byrkjelo-leikane. Det vart arrangert avslutning før sommaren, og Synne Liljedal hadde i 2023 eit kveldskurs for alle instruktørane. Idrett for alle er med i supersatsinga til Vestland idrettskrins.

### **Grunntrening til musikk**

Katrin Læg Reid Nes starta opp eit nytt tilbod i 2023, grunntrening til musikk i gymsalen. Dette er styrke og uthald med enkle steg. Treningane har vore på torsdagar, 19.30–20.30. Aktiviteten er for alle frå 14–15 år og oppover. I haust har det vore 6–22 på treningane, i alderen 18 til 60 år.

### **Hafslotrimmen**

Dette er den største jobben for trimgruppa. Trimgruppa har 22 (23 i 23/24-sesongen) postkassar med trimbøker, i tillegg til Postkasetrimmen (og Georeg i 2023). Postane våre har vore godt besøkte. Statistikken viser at 503 personar var innom og registrerte seg i appar, og av desse var 268 påmeldt Hafslotrimmen. 19 stykker fullførte Trimmian. I 2023 fekk 13 born premie for å ha registrert minst 150 poeng, og me hadde 20 vaksne som fekk deltakarpremie. Me delte i tillegg ut fem gåvekort på 500 kroner kvar, som vart trekte mellom alle som hadde levert skjema.

### **Idrettsmerket**

Trimgruppa tilbyr idrettsmerkedeltaking til medlemmane. To nytta seg av tilbodet i 2023: Per Birger Lomheim og Astrid Veum.

### **Stifaddergruppa**

Stifaddergruppa er eit samarbeid mellom Trimgruppa, Hafslo bygdelag (administrator) og Hafslo sogelag. Bjarne Venjum er koordinator og gjer ein flott jobb for å holda arbeidet i gang. Gruppa starta opp hausten 2018 og har no fungert i fem år. Ein god del stiar er merka og rydda. Ein har fleire stiar på planen, og dei ein har rydda og merka må haldast ved like. Trimgruppa stiller med sju stifadderar. Desse har jobben so lenge dei vil.

### **Stolpejakt**

Stolpejakta er leia av Luster kommune og Luster idrettsråd, og trimgruppa har tatt ansvaret for området Hafslo/Solvorn. Stolpejakta har vore eit populært tiltak, og stolpane i Luster vart godt besøkte i 2023 (26 162). I Hafslo/Solvorn var det 4643 besøk under årets stolpejakt. Det er planlagt oppstart av ny stolpejakt 1. mai 2024.

For trimgruppa, Terje Brunborg, Hafslo 31. desember 2023



# Årsmelding handballgruppa

## Styret

Monika Reime, Anne Lene Sygna Halleråker



I 2023 har Hafslo IL blitt medlem av Norges håndballforbund og kan såleis melde på lag til turneringar og seriespel. Det har vore ein viktig milepåle for handballgruppa. Vi har etter kvart fått mange aktive handballspelarar i klubben i ulike aldrar, frå 6 år til 14 år.

Tanken er at dei yngste aldersgruppene spelar for Hafslo IL, og så blir det meir aktuelt med samarbeid med IL Bjørn for dei eldre årskulla. Denne hausten har Hafslo IL hatt eit J8-lag som har delteke i fleire turneringar.

I byrjinga av haustsemesteret arrangerte handballstyret med litt hjelparar ei inspirasjonstrening for jenter og gutar i 1. og 2.klasse. Det møtte mange ivrige ungar med foreldre til trening. Det vart rekruttert to foreldre som ville ta ansvar for treningar, og det har møtt rundt åtte barn på treningane i haust.

Vi har og mange handballspelarar i aldersgruppa 12–13–14år frå Hafslo og Solvorn til saman 15 jenter. I tillegg har vi denne hausten fått med oss to jenter frå Sogndal. Desse jentene trenar i gymsalen på Hafslo ein gong i veka, men spelar for IL Bjørn saman med nokre andre jenter frå Luster og Gaupne.

For handballgruppa  
Monika Reime



# Har du valt rett bank?

Renter, løn, skatt og ungar – ingenting er konstant. Kanskje me kan gi deg betre vilkår?  
Ring oss på **57 68 27 00** så finn me ut av det.

Rask  Personleg

**Luster Sparebank**   
luster-sparebank.no

Styggem / Foto: Børck

